

AGDE ARKITEKTRU AS
Sentrumsgården, Torggata 9
4580 LYNGDAL

Cc. Samnanger kommune v/Jan Egil Leirstein
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Samnanger 06.01.2025

Reguleringsarbeid for detaljregulering Samnanger Næringsområde.

Dykkar referanse: 0132-01/KI Datert 13.11.2024

Kommunens referanse: 2024/132-5

Samnanger næringsforum er svært nøgd med at det vert tatt initiativ til etablering av et område for plasskrevende næring, relativt sentralt i kommunen. Området det gjelder ligg tett ved Fv. 49, som er hovudvegen gjennom kommunen.

Samnanger kommune manglar regulerte områder sentralt, for etablering av næringsvirksomheit. Som ein konsekvens av mangel på arbeidsplassar lokalt, pendlar i dag ca. 55% – 60% av arbeidsføre ut av kommunen for å finne arbeid.

Næringsforumet legg merke til at aktuelle reguleringsformål vil være for næringsbygg, renovasjonsanlegg, køyreveg, vegetasjonsskjerm, mm. Me kan ikkje sjå at krav om gang og sykkelsti fram til anlegget er aktuelt, sjølv om dette kunne vera ynskjeleg. Det same gjeld tilknytning til kommunalt vann og avløp.

Med erfaring frå næringsområdet i Rolvsvåg, meiner me at det bør utarbeidast retingeliner for kva type verksemder som kan etablere seg i området, Fortrinnsvis bør privatpersonar ikkje få tilgang til kjøp av eigedom i næringsområdet. Området er verdifullt for næring og sal til verksemder som ynskjer å etablere seg bør vera prioritert. Vidare bør det setjast ei nedre grense for kor mange tilsette ei verksemd bør ha for å kunna kjøpa tomt og å etablere seg her. Me meiner dette bør vera eit eige punkt ved utarbeiding av reguleringsplan for Samnanger Næringsområde.

Me ser frem til nye oppdateringar om tiltaket.

Med beste helsing
For Samnanger Næringsforum

Per Espen Edvardsen
(Styreformann)

Knut Bjørnås
(Styremedlem)